



Føresette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1801 - 16/5817

Saksbehandlar:

Gro Håland

gro.haland@radoy.kommune.no

Dato:

27.04.2016

Mai/juni 2016.

Frå 1 mai vil me få ny reinhaldsordning i barnehagen. Pr.idag vert det vaska etter stengetid, med den nye ordninga vert det vaska frå 06:00 -08:00. Reinhaldarane vil starte med Revehiet og Bjørnehiet, slik at dei er ferdig til me opnar kl. 07, deretter vil dei fortsetja på dei andre avdelingane, slik at dei er ferdig til 08:00.

Me er no inne i periode der me har starta arbeid med å planlegge neste barnehageår, med nye barnehagebarn og ny tilsetjingar. Voner at det meste er på plass i løpet av juni, og de vil då få ein oversikt over avdelingane frå hausten. Det vert naturlegvis nokre barn som skal bytte avdeling, og for desse vil me prøve å bruke tida fram mot sommaren til hospitering på dei nye avdelingane. Såleis håper me at overgang til ny avdeling ikkje vert for stor og brå for dei.

Barnehagefotografering onsdag 4 mai. dei barna som ikkje har plass denne dagen, er hjarteleg velkomen i barnehagen denne dagen til fotografering. Alle barna må vere i barnehagen til kl. 08:50. Me tek sikte på at fotograferinga er ferdig til ca kl. 12, dei barna som ikkje har plass denne dagen vert henta av foreldra då.

I år vert det fotografering ute, gruppebilde og portrett. (ikkje søskenbilde). Det er Kallekleiv foto som står for fotograferinga, dei same som me nytta i fjor.

Sommaravslutning i barnehagen for alle vert torsdag 16 juni, kl. 14:30-16:00. De vil få informasjon seinare med program og liknande.

Overnatting i barnehagen for førskulebarna frå 9-10 juni. Meir informasjon kjem seinare.

Med helsing

Gro Håland

Einingsleiar Bø barnehage

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Føresette